# EMNERAPPORT

| | | |
|---|---|---|
| Emnekode: FYST395/FYSTD395<br><br>Emnetittel: Masteroppgave i fysioterapivitenskap | Semester:<br><br>Vår 2014 | Institutt: Global helse og samfunnsmedisin |

| | |
|---|---|
| Emneansvarlig: Liv Inger Strand<br><br>Dato: 13. august 2014 | Godkjent i: Faggruppe for fysioterapivitenskap<br><br>Godkjent i fagmøte 9. oktober 2014 |

INNLEDNING:

- Emnet er ikke tidligere formelt evaluert

Emnets læringsutbyttebeskrivelse:

Gjennom masteroppgåva skal studentane syne vitskapsbaserte og metodiske resonnement ved studier av relevans for eige fagfelt, aktivt bruke vitskapeleg basert litteratur og vise eit solid kritisk analytisk refleksjonsnivå.

Det vert forventa at studenten gjennom oppgåva

- viser inngåande kunnskap om det valde faglege temaområdet og fagleg innsikt
- viser sjølvstende i bruk av vitskapleg basert litteratur, inkludert ved val av relevante teoriperspektiv, og med adekvat kjeldebruk
- viser eit solid refleksjonsnivå med tanke på relevante metodologiske og teoretiske forhold
- viser adekvat bruk av vitskapleg teori, metodar og analyseformer
- viser kritisk analytisk tenking i tolking av kunnskap/resultat som oppgåva har brakt fram
- viser evne til skriftleg framstilling, struktur og logisk oppbygging som følgjer den type akademisk tekst som masteroppgåva er
- viser eit solid refleksjonsnivå med tanke på relevante forskingsetiske forhold og val

STATISTIKK:

| | |
|---|---|
| Mengde vurderingsmeldte studenter: 4 | Mengde studenter møtt til eksamen: 4 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Karakterfordeling ->: | A:1 | B: | C:3 | D: | E: | F: |
| Eller ->: | Bestått: | | | Ikke bestått: | | |

SAMMENDRAG AV STUDENTENE SIN EMNEEVALUERING *(hovedpunkt)*:

- Metode - gjennomføring: Emneevaluering ikkje systematisk, dvs skriftleg gjennomført.
- Studentenes vurderinger og tilbakemeldinger: Vi har så langt ikke innhenta skriftlege vurderingar av studentanes tilbakemeldingar, men dei har munnleg gitt uttrykk for å ha stort utbytte av seminara.
- Faglærers kommentar: Oppfølging av studentene gjennom vårsemesteret synes å fungere bra. Alle fekk godkjent sine prosjektplaner i løpet av vårsemesteret.

EMNEANSVARLIG SIN EVALUERING:

Undervisnings- og vurderingsformer:

Arbeidet med prosjektplan til individuell masteroppgåve byrjar i 2. semester for heiltidsstudentane og i 4. semester for deltidsstudentane. Dersom tema for masteroppgåva var bestemt i første semester (eller 3. semester for deltidsstudentar), byrja dei på prosjektplanen i første semester i samband med den obligatoriske oppgåva i HEL320.

I vårsemesteret vart studentane tildelt individuell rettleiar, og det vart gjennomført tre forskingsseminar for i alt 7 studentar: 13. januar (09.15-14.00), 12. februar (15.00-18.00) og 07. april 2014 (09.15-14.00). Det vart også gjennomført eit seminar 10. april (12.45-17.00) v/Bjordal, Bogen og Strand, og fredag 11. april (Excel kurs, Rolf Moe-Nillsen) for studentar som allereie var i gang med sine masteroppgåver, men som var komt ulikt langt i studieforløpet.

I seminara presenterte kvar student sine prosjektplanar. Til stades var i alle fall rettleiar for den einskilde student, og emneansvarleg var med ved alle presentasjonane, av og til fleire. Medstudentar og rettleiarar drøfta deretter det som kom fram, og vidare plan for arbeidet vart avtalt. Studentane hadde frist til 14. juni 2013 med å få prosjektplan godkjent av rettleiar. Student og rettleiar hadde ansvar for vidare framdrift, og gjorde avtalar om individuell rettleiing.

Pensum: Studentene lærte å bruke End Note og gjere litteratursøk, og søkte på litteratur relatert til masteroppgåva

Studieinformasjon: Studentane fekk utdelt retningsliner for skriving av prosjektplan, og meir utfyllande retningsliner for skriving av masteroppgåva. Rettleiarkontrakt vart gjennomgått.

- Karakterfordeling: Fire studentar avslutta sine masteroppgåver i vårsemestert, 1 mann og 3 kvinner. Karakterane varierte frå A til C.
- Lokale og utstyr: -
- Utplassering/felt (hvis relevant): -
- Endringer gjort underveis:-

MÅL FOR NESTE EVALUERINGSPERIODE - FORBEDRINGSTILTAK:

Å samle inn studentane sine skriftlege evaluering av masteroppgåvene i samband med avsluttande munnleg eksamen. Evalueringane vil bli innsamla før munnleg eksamen ettersom karakteren på oppgaven kan påvirke evaluering.